



Hordaland Fylkeskommune, Samferdselsavdelinga

Dykkar Ref. 200709175 – 181/824/MARERI

Dykkar ref. Sakshandsamar:  
Hogne Haugsdal

Vår ref. Telefon  
2013/3787 - 0 - 995 74 946  
28981/2013

Arkivkode: Dato:  
23.12.2013


## Innspel på høyring til revidert planprogram - regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet

### Uttale frå Lindås kommune

Viser til motteke høyringsbrev frå Hordaland Fylkeskommune, Samferdselsavdelinga, datert 5. november 2013, samt høyringsframlegg. Framlegget til planprogram skisserer ein grundig og omfattande planprosess. Frå Lindås kommune er det likevel nokre punkt som ein ønskjer å forsterke fokuset på:

- Planarbeidet bør omfatte heile Bergensregionen sett i eit Vestlandsperspektiv og ikkje i for stor grad fokusere på Bergen indre hamn. Den nasjonale rapporten om Varestrømsanalysen (godsutgreiing) i Norge er ein viktig premisfaktor for heile hamnelokaliseringa, ikkje minst som finansielt grunnlag. Varestrømsanalysen er ikkje forutsett ferdig utarbeidd før i juni 2015. Det vert difor ei utfordring å få dette faktagrunnlaget tilstrekkelig på plass til at det kan nyttast for den naudsynte finansielle analysen av hamneutbygginga i Bergensregionen.
- Utover Bergensregionen bør også den framtidig godstransporten på heile Vestlandet ha eit kapittel i planarbeidet. Inklusiv her er Risavika i Stavanger og ny E39 og kva innverknad dette kan ha for utbygging av hamnefunksjonar i Bergensområdet, både konkurransemessig, finansielt og på andre måtar.
- Det er også viktig å få belyst den praktiske gjennomføringa av kombinasjonsalternativet. Overføring av godstransport frå bil til sjø er ei nasjonal satsing og difor bør det være ei omtale av lokalskipsrute mellom Bergen, Mongstad, CBB og andre aktuelle stader på Vestlandet.
- I punkt 1.2 «Føremål med planarbeidet» blir det presisert at eitt av delføremåla blir å vise behovet for – og effektane av – ei samlokalisering eller kopling mellom ny godshamn og ny godsterminal for jernbane. Skal ein vise behov og effektar rundt dette, bør den nasjonale godsutgreiinga ligge som eit grunnlag. Men den utgreiinga er ikkje ferdig før i juni 2015, altså berre nokre månader før planen skal vere ferdig. Når ny godsterminal for jernbane er ein strategisk viktig del av planarbeidet, kan ikkje vi sjå at ein har godt nok grunnlag for å vurdere dette på ein god måte, innanfor den framdriftsplanen som er sett opp.

Med helsing

  
Hogne Haugsdal  
Konstituert rådmann

